

For nokre dyktige damer!!

29.08.2016



Eva og Lina kunne ønska gledeleg mange velkommen til konsert.

**Dei mange frammøtte på konserten i Uskedal kyrkje i kveld fekk ei herleg musikkstund. Når ein tenkjer på det musikalske nivået, er det ufatteleg at aktørane var frå egne rekkjer. Både songsolisten Lina Håland og organisten og pianisten Eva Megyesi imponerte stort. Vi er heldige som har desse to dyktige damene som tilsette i kyrkja i Kvinnherad!**



Konserten vart opna med vakker song.

- Dei er jo heilt fantastiske desse to damene. For ei stemma ho Lina har, ho syng som ein gud, unnskyld uttrykket, og på Eva går jo både fingrar og bein heilt vilt, sa ein av dei mange begeistra tilhøyrarane like etter konsertslutt. Eg hadde inntrykk av at mange hadde same kjensla!

Frå konserten starta med Lina Håland sin vakre versjon av Vamp sin Liten fuggel til Eva Megyesi runda det heile av med Egil Hovland sin Hosanna, var den ei god oppleving både for øyre og sjel. Det vert heilt feil å trekkja fram einskildnummer her, men for dei som gjekk glipp av konserten, tar vi med lista:

Lina m/ Eva på piano: Liten fuggel og I det fjerne jeg skuer  
 Eva, orgel: J. S. Bach, D-moll Triosonata  
 Lina m/ Eva på piano: You raise me opp og All for Jesus  
 Eva, orgel: Felix Mendelsohn-Bartholy, Sonata i B-dur  
 Lina m/Eva på piano: Gabriellas sang  
 Eva, orgel: Egil Hovland, Hosanna  
 Kristian Bringedal batt det heile saman.

Når Eva arrangerer konsertar, er alltid ektemannen Pawel Cabala med som 'teknisk delegert' dersom han ikkje er ein del av musikkprogrammet. I kveld sytte han for at publikum kunne følgja med på det som føregjekk ved orgelet på storskjerm. Der fekk vi verkeleg sjå korleis Eva stod på med både fingrar og bein for å skapa den vakre musikken. Absolutt eit trekk som gjer konserten meir interessann. Frå publikumshald vart også den fine måten Lina og Eva samarbeidde på, halde fram.



[Overføring frå galleriet til lerret.](#)

Etter denne gode opplevinga er vi glade for at det ikkje er lenge til Eva Megyesi drar i gang neste konsert. Om 3 veker, mandag 19.september, er ho klar med neste konsert. Då har ho henta heim Vegard Døsland til å vera solist på trompet og flügelhorn. Noko å gle seg til! Og med den gode publikumsinteressa inspirerer det den driftige dama til at det kjem fleire flotte konsertar!



Driftige Eva! Dyktig med tangentar og flink å arrangera!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland